



SAKSHANDSAMAR
Marit Vestvik

VÅR REF.
25/01122-2

DYKKAR REF.

VÅR DATO
04.12.2025

DYKKAR DATO

postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Se mottakerliste

Revidert melding om oppstart av fredingssak av Slinningsbua – gnr. 117, bnr. 20, 82 og 84 – Ålesund kommune

Med heimel i lov om kulturminner av 9. juni 1978 nr. 50 (kulturminnelova) §§ 15 og 19 melder Riksantikvaren på nytt melding om oppstart av fredingssak av Slinningsbua gnr. 117, bnr. 20, 82 og 84 i Ålesund kommune. Denne meldinga erstattar tidlegare melding om oppstart frå 10.01.2012.

Tidlegare melding om oppstart av fredingssaka hadde til hensikt å sikra og bevara Slinningsbua som eit viktig kulturminne i Ålesund. Det har dessverre gått lang tid og derfor er det behov for å melda oppstart av fredingssaka på nytt. I samband med dette ser vi også at det er behov for å utvida fredingsomfanget for å bevara verknaden av kulturminnet Slinningsbua som ein tydeleg silhuett i landskapet. Vi sender derfor ut ei ny melding om oppstart av fredingssak som også inneheld eit utvida fredingsområde som går ut i vatnet kring sjøhuset.


Revidert melding om oppstart av fredingssak blir også kunngjort i avisene Sunnmørsposten og Redaksjon Ålesund jf. kulturminnelova § 22 nr. 1 anna ledd.

Frist for merknad er 25. januar 2026.


Omfanget av fredinga

Fredinga som er foreslått omfattar kulturminnet og området som er nemnd nedanfor og merkt på kartet. Avgrensing av omfanget vil bli vurdert i samarbeid med partane i saka før fredingsforslaget blir utarbeida.

Førebels avgrensing er vist på vedlagde kart:



Førebels avgrensning som viser området med bygningane:



Freding etter kulturminnelova § 15 omfattar:

Freding etter kulturminnelova § 15 omfattar sjøhuset, bygningsnummer 176933779, gnr./bnr. 117/20, Kulturminne-ID 181034-1.
Fredinga omfattar bygningens eksteriør.

Freding etter kulturminnelova § 19 omfattar:

For å bevare verknaden av kulturminnet i miljøet og for å verna vitskaplege interesser som knytter seg til det, blir det òg foreslått ei freding av området rundt kulturminnet, jf. kulturminnelova § 19. Området har Kulturminne-ID 181034-2.

Området er avgrensa til eigedommen gnr./bnr. 117/20, 117/82 og 117/84, og består av kai og området rundt og mellom dei tre bygningane som ligg på eigedommen i tillegg til Slinningsbua. Bygningane som ligg innanfor § 19 er ein arbeidarbustad, eit lagerbygg for oljetankar og eit lågare tilbygg til sjøhuset som vart nytta som pakkhus og til fiskeforedling. Området som blir freda etter § 19 strekkjer seg vidare noko ut i vatnet som vist på kartet.

Grunngjeving for fredinga

Slinningsbua er eit stort sjøhus som tidlegare vart nytta til tørking av klippfisk, salting, pakking og ompakking av sild. På eigedommen ligg også eit lagerbygg for oljetankar, ein arbeidarbustad og eit tilbygg til sjølve Slinningsbua. Desse bygningane, saman med sjøhuset Slinningsbua, utgjer ein naturleg samanheng og eit heilskapleg miljø. Desse bygningane har, saman med området rundt, ein samla verdi som tek i vare opplevinga og verknaden av sjøhuset Slinningsbua.

Sjøhuset Slinningsbua representerer ein viktig del av Noregs historie som del av stordomstida til fiskeriet. I tillegg representerer ho eit godt døme på eldre bygningsteknologi med tilpassingar både til den spesielle bruken i bygninga og det lokale klimaet. Slinningsbua er eit velkjent landemerke ved innseglinga til i Ålesund.

Slinningsbua har viktige opplevings- og symbolverdiar som er særleg knytt til plasseringa av bygget ytst på ein odde ved innseglinga til byen. Plasseringa understrekar betydninga fiskeriet hadde i samfunnet. Slinningsbua er ein tydeleg silhuett med det opne landskapet rundt.

Den er ein viktig markør som fortel om Ålesunds historie som fiske- og sjøfartsby, og har store identitetsskapande eigenskapar både regionalt og nasjonalt.

Vidare saksgang

Etter høyringsfrista er ute vil det endelege fredingsforslaget bli utarbeidd i samarbeid med partane dette gjeld.

Forslaget vil deretter bli sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.
Fredingsforslaget vil bli behandla i kommunestyret før det blir sendt over til Riksantikvaren for endeleg vedtak.

Vi ber om at kulturminnet blir behandla som freda inntil fredingsspørsmålet er avgjort. Vi ber òg om at eigar tek kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune dersom ein vil setja i verk tiltak på kulturminnet som fører med seg endringar eller går ut over vanleg vedlikehald.

I medhald av kulturminnelova § 22 nr. 4 kan kulturmiljøstyresmakta gjera vedtak om mellombels freding inntil saka er avgjord dersom dei verdiane fredinga skal ta i vare, blir vurderte som trua.

For nærare informasjon om sjølve fredingsprosessen kan ein lese Riksantikvarens rettleiar [«Fredingssak fram til vedtak»](#) på nettsidene våre: www.riksantikvaren.no.

Helsing

Sigrid Murud
seksjonsleiar

Marit Vestvik
seniorrådgivar

Brevet er elektronisk godkjend

Vedlegg: Fredningssak frem til vedtak

Kopi til: Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, Postboks 2500, 6404
MOLDE/ Klima- og miljødepartementet, Postboks 8013 Dep, 0030 OSLO

Mottakar	Kontaktperson	Adresse	Post
Ålesund kommune		Postboks 1521	6025 ÅLESUND
Slinningen Brygge Boligsameie		C/O OBOS EiendomsforvaltningPostboks 6666 St Olavs Plass	0129 OSLO
SLINNINGEN EIENDOM AS		c/o Richard Ness HumlenKristoffer Randers veg 8	6007 ÅLESUND
Slinningen Invest AS		Slinningsodden 21	6006 ÅLESUND